



## Møteprotokoll

**Utval:** SOGN REGIONRÅD

**Møtestad:** Lærdal sjukehus

**Møtedato:** 07.12.2018

**Tid:** 09:30 - 15:00

A. Ordfører Jan Geir Solheim ønske velkomen til Lærdal

B. Disse møtte:

<b>Faste medlemmar</b>
Jan Geir Solheim, ordfører Lærdal kommune Noralf Distad, ordfører Aurland kommune Harald N. Offerdal, ordfører Balestrand kommune Petter Sortland, ordfører Høyanger kommune Jon Håkon Odd, ordfører Leikanger kommune Ivar Kvalen, ordfører Luster kommune Jarle Aarvoll, ordfører Sogndal kommune Olav Turvoll, ordfører Vik kommune Arild Ingar Lægreid, ordfører Årdal kommune
<b>Medlemmar</b>
Karina Nerland, dagleg leiar Jarle Skartun, rådmann Luster kommune Arne Johansen, rådmann Lærdal kommune (til kl 1330)
<b>Andre</b>
Tom Guldhav, klinikkdirektør Helse Førde Margun Thue, stadleg leiar ved Lærdal sjukehus Helse Førde Arve Varden, administrerande direktør Helse Førde Tor Arne Ness, styreleiar og Geir Navarsete, Vitensenteret i Sogn og Fjordane Ragnhild Fjærestad, dagleg leiar Sogneprodukt

B. Innkalling godkjent utan merknader.

C. Protokoll frå møtet 26.10.2018 godkjent utan merknader.

D. Rådet deltok på opninga av MR-tilbodet og omvisning på sjukehuset

## Sakliste

Saksnr.	Arkivsaksnr. Tittel
<b>25/18</b>	18/4065 <b>Avtale med Ungt Entreprenørskap Sogn og Fjordane</b>
<b>26/18</b>	18/4171 <b>Søknad om tilskot for 2019 og 2020 frå Visit Sognefjord</b>
<b>27/18</b>	18/3895 <b>Framtidsfylket sine karrieremesser 2019 - søknad om tilskot</b>
<b>28/18</b>	16/596 <b>Bustadseminar</b>
<b>29/18</b>	18/4068 <b>Handlingsplan 2019 System for styrka læring</b>
<b>30/18</b>	16/480 <b>Samferdsleplan for Sogn regionråd - handlingsplan 2019</b>
<b>31/18</b>	18/4260 <b>Handlingsplan for Sogn regionråd 2019</b>
<b>32/18</b>	18/2903 <b>Budsjett for 2019 Sogn regionråd</b>
<b>33/18</b>	18/472 <b>Orienteringssaker Sogn regionråd</b>

**Sak 25/18**  
**Avtale med Ungt Entreprenørskap Sogn og Fjordane**

**Tilråding:**

Sogn regionråd tilrår at kommunane inngår avtale med Ungt Entreprenørskap Sogn og Fjordane.

**Vedtak:**

Sogn regionråd tilrår at kommunane inngår avtale med Ungt Entreprenørskap Sogn og Fjordane.

**Sak 26/18**  
**Søknad om tilskot for 2019 og 2020 frå Visit Sognefjord**

**Tilråding:**

Sogn regionråd løyver kr 250 000 for kvart av åra 2019 og 2020 til internasjonal og nasjonal marknadsføring av Sognefjorden og reiselivsprodukta i Sogn.

**Handsaming**

Harald N. Offerdal gjekk frå som ugild.

Det var positiv tilbakemelding til Visit Sognefjord sitt arbeid.

**Vedtak:**

Sogn regionråd løyver kr 250 000 for kvart av åra 2019 og 2020 til internasjonal og nasjonal marknadsføring av Sognefjorden og reiselivsprodukta i Sogn.

**Sak 27/18**  
**Framtidsfylket sine karrieremesser 2019 - søknad om tilskot**

**Tilråding:**

Sogn regionråd løyver kr 60 000 av regionale utviklingsmidlar i 2019 til Framtidsfylket for gjennomføring av karrieremesser i Oslo, Trondheim og Bergen i 2019.

**Handsaming**

Det kom innspel i møtet retta til Framtidsfylket og til eige arbeid:

Karrieremessene må trekke til seg utdanningsgrupper som kommunane har behov for og Framtidsfylket må finne tidspunkt som ikkje fell saman med andre konkurrerande arrangement. Kva skjer med Framtidsfylket etter 2020 i nye Vestland?

Rådmannsgruppa vert oppmoda om å sørge for at deltaking på regionstanden vert fordelt mellom dei tre byane. Deltakarane på regionstanden må førebu seg.

**Vedtak:**

Sogn regionråd løyver kr 60 000 av regionale utviklingsmidlar i 2019 til Framtidsfylket for gjennomføring av karrieremesser i Oslo, Trondheim og Bergen i 2019.

**Sak 28/18**  
**Bustadseminar**

**Tilråding:**

Sogn regionråd set av kr 80 000 av regionale utviklingsmidlar for 2019 til gjennomføring av arbeidsseminar om bukvallitet og buformer.

**Vedtak:**

Sogn regionråd set av kr 80 000 av regionale utviklingsmidlar for 2019 til gjennomføring av arbeidsseminar om bukvallitet og buformer.

**Sak 29/18**  
**Handlingsplan 2019 System for styrka læring**

**Tilråding:**

Sogn regionråd vedtek handlingsplan for System for styrka læring for 2019 slik han ligg føre.

**Handsaming**

Det kom innspel om at tilbodet om opplæring innan psykisk helse er positivt og at ein får til eit opplegg som går til flest mogleg.

**Vedtak:**

Sogn regionråd vedtek handlingsplan for System for styrka læring for 2019 slik han ligg føre.

**Sak 30/18**  
**Samferdsleplan for Sogn regionråd - handlingsplan 2019**

**Tilråding:**

Sogn regionråd vedtek at samferdsleplanen for 2016-2018 gjeld for 2019 og at arbeidet med ny plan vert starta opp neste år.

Sogn regionråd vedtek handlingsplanen for 2019 slik han ligg føre.

**Handsaming**

Det kom tilbakemelding om at felles prioriteringar har gitt verknad for å få realisert prosjekt. Dette syner at me får resultat i å stå samla om prioriteringar.

**Vedtak:**

Sogn regionråd vedtek at samferdsleplanen for 2016-2018 gjeld for 2019 og at arbeidet med ny plan vert starta opp neste år.

Sogn regionråd vedtek handlingsplanen for 2019 slik han ligg føre.

**Sak 31/18**  
**Handlingsplan for Sogn regionråd 2019**

**Tilråding:**

Sogn regionråd vedtek handlingsplanen for Sogn regionråd 2019 slik han ligg føre.

**Vedtak:**

Sogn regionråd vedtek handlingsplanen for Sogn regionråd 2019 slik han ligg føre.

**Sak 32/18**  
**Budsjett for 2019 Sogn regionråd**

**Tilråding:**

Sogn regionråd vedtek budsjettet for 2019 slik det ligg føre.

**Handsaming**

Det kom framlegg om å auka bruk av fondsmidlar divspes 7501 med kr 15 000.

**Vedtak:**

Sogn regionråd vedtek budsjettet for 2019 slik det ligg føre med endringa som kom i møtet.

**Sak 33/18**

## Orienteringssaker Sogn regionråd

### Orienteringar og drøftingar

1. Leiar
  - Sognebåten: Næringa vil gå inn med eigne midlar for å utvida ruta Bergen-Flåm 1.4 til 1.11. i 5 år. Kommunane vert bedne om å bidra.
2. Innspel frå medlemmane
  - Hangar: God framdrift i arbeidet.
  - Møte i fellesnemnda i nye Sogndal kommune: Seier opp avtalane fordi tre kommunar blir ein kommune.
  - SLT-politiråd: Regionlensmann ønskjer å informera rådet om politiråd i eit seinare møte.
3. Arbeidsgruppene
4. Rådmannsgruppa
  - Arbeidsgjevarkontroll
  - Legevaktspilot
  - Nav Vestland – utviklingsarbeid region Sogn
5. Administrasjonen
  - Møte med Hardangerrådet, Voss og Vaksdal 9.1.2019 om felles interesser
    - Det blir utarbeidd eit utfordringsnotat for inntil kr 25 000. Det er ope for at fleire ordførarar kan vera med på møtet.
  - Nye Vestland fylkeskommune – dialogmøte med Sogn regionråd, Hardangerrådet og Voss kommune 6.2.2019
  - Arbeidsseminar om integrering og inkludering for flyktingar og innvandrarar.
  - Vidaregåande opplæring:
    - Signert partnarskapsavtale for fleire læreplassar i Sogn
    - Rekruttering til programområda
  - Psykolog:
    - Utgreiing om samarbeid med Helse Førde: Kostnadsramme er kr 45 000.
    - Samarbeid med Høgskulen – forlenga utlysing til 16.12.2018.
  - Risikoområde for flaum og ras – manglar svar frå tre kommunar.
  - Norsk senter for bærekraftig klimatilpassing: sendt videohelsing og blomster til opninga 7.12.
6. Prehospital plan - fase 2 ved Tom Guldhav, klinikkdirektør kirurgisk klinikk, Helse Førde. Presentasjonen er lagt ved.
7. Vitensenteret i Sogn og Fjordane ved Tor Arne Ness, styreleiar og Geir Navarsete. Presentasjonen er lagt ved. Vitensenteret tek kontakt med kvar kommune om rammeavtale og finansiering av senteret. Rådmannsgruppa vert oppmoda om å samordna den kommunale handsaminga, jf møte 29.01.2019.
8. Sogneprodukt ved Ragnhild Fjærestad, dagleg leiar. Det kjem nye varig tilrettelagde plassar (VTA). Presentasjonen er lagt ved. Sogneprodukt ønskjer å søkje på VTA-plassar og må ha støtte frå kommunane til sin søknad.

**Skriv og meldingar. Refererte.**

1. Opplæringstilbudet 2019-2020 – innspel til Sogn og Fjordane fylkeskommune, 19.11.2018
2. Overgang til NAV Vestland – brev til Arbeids- og sosialdepartementet, 21.11.2018
3. Referat frå møte i helsegruppa 26.10.2018
4. Referat frå møte i samferdslegruppa 6.11.2018 og presentasjon frå Nasjonal rassikringsgruppe
5. Referat frå møte i næringsgruppa 12.11.2018
6. Referat frå møte i programstyret System for styrka læring, 12.11.2018

Jan Geir Solheim  
leiar

Petter Sortland

Jon Håkon Odd

Karina Nerland  
dagleg leiar